

Veke 18 og 19. Tema. Bærekraftig utvikling.

Hei.

I veke 18 og 19 har me tema : **Bærekraftig utvikling.**

Da blir det ein litt annleis skulekvardag og lekseplan. Her kjem ein oversikt over timane og leksene desse vekene.

Besøksdag på ungdomsskulen. Tysdag 6/5 blir det besøksdag på ungdomsskulen frå 8.30-11.15. Møt ved flagstonga på ungdomsskulen presis klokka 8.30. Etter besøket går me på ryddedugnad for å plukka boss før 17 mai.

Fredag veke 19 blir det byttedag av brukte klede, bøker og leiker.

Elevane kan ha med seg ting dei vil bytte måndag 5/5. Då vil dei få eit lodd som gjer dei moglegheit til å finna seg brukte ting andre har bytta inn.

6/5 kl. 19-20.30 blir det eit fellesmøte for 6 og 7. trinn i regi av 17.mai komiteen i aulaen på skulen. Viktig at alle møter.

22/5 kl. 16.30 – 17.10 blir det framsyning av kulturskulen sitt opplegg «Å prøva seg på livet» som me har arbeidd med i musikktimane sidan februar. Vel møtt!

Måndag 28/4	Tysdag 29/4	Onsdag 30/4	1. mai	2. mai
Kick off. Tema : Plast	Matte	Grej of the day.	FRI	Fri
Gym Inne	Norsk	Utegym. Øving Tinstafett ute.		
Matte	Naturfag. Tema: Plast	Øve til Våga seg på livet.		
Engelsk		Boklån/Les og forstå.		
Mandag 5/5	Tysdag 6/5	Onsdag 7/5	Torsdag 8/5	Fredag 9/5
Tema : Matsvinn	Besøksdag ungdomsskulen. Møt presis 08.30 ved flagstonga på ungdomsskulen.	Matte	Våga seg på livet/arbeidsplan.	K/H Byttedag
Utegym Øving til Tinstafett	Besøksdag ungdomsskulen.	Tinstafett. Hugs springeutstyr for dei som skal springe.	Våga seg på livet/arbeidsplan	K/H Byttedag
Matte	TUR Tema : 17 mai - rydding.	Lage presentasjon	Våga seg på livet/arbeidsplan	Koding/sosial utvikling.

		med tema: Bærekraft.		
Engelsk		Lage presentasjon med tema : Bærekraft.	Våga seg på livet/arbeidsplan	

Bærekraftige lekser veke 18 og 19. Vel 6 av leksene under. Kryss ut leksene etter kvart du har gjort dei.

Lag mat av restar eller datovarer. 	Plukk ein pose med søppel utanfor huset/i nabolaget. Hugs at du må sortera! 	Lev som ein vegetarianar ein dag. 	Rydd i klesskapet og lever det du ikkje treng/ikkje vil ha til bytedagen. 
Pant tomflasker. 	Lever glas- og metallavfall på butikken. 	Bruk handlenett i staden for plastpose når du handlar. 	Ver lysvakt i heimen ein dag. 
Bruk maks 2 minutt i dusjen. 	Gå eller sykla til skulen. 	Lag ein miljøvenleg Kahoot til klassen. 	Fjern 5 ting som er laga av plastikk som ikkje skal vere i naturen. 